



Ambjørge Reinsnos

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/524 - 14/9099

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

27.08.2014

Plansak 12602011000500 - detaljplan - Snekkevika hyttefelt - innsending av plandokument - melding om vidare saksgang

Tekst i kunngjering i Strilen 23. augut 2014.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har i møte 18.06.2014 vedteke at framlegg til reguleringsplan for Snekkevika hyttefelt skal leggjast ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn jfr. plan- og bygningslova § 12-11. Framlegget til reguleringsendring er ein oppdatert detaljplan med planskildring, plankart og føresegner. Føremålet med planendringa er å leggje til rette for fleire fritidsbustader i området som allereie er nytta til hytter. Sidan planen er endra i høve kulturminne og arealføremål vert planframlegget lagt ut til 2. gongs høyring med opning for å kome med merknader. Planen er lagt ut til på Sørvistorget på rådhuset, og på heimesida til kommunen. Plandokumenta ligg i kommunen sitt planarkiv på <http://braplan.geoweb.no/braplan/> med planID: 12602011000500.

Merknader til planframlegget rettast til Radøy kommune innan **15.10.2014**.

Radøy kommune, Radøyvegen 1690. 5936 Manger,

på e-post: postmottak@radoy.kommune.no, eller via skjema på heimesida: www.radoy.kommune.no

Brev til aktuelle høyringapatar og rørte grunneigarar vert sendt ut i løpet av kort tid.

På spørsmål i frå dykk om det er noko i plandokumenta som må endrast på så har vi oppdaga i plankartet at Småbåthavn er i framlegg til plan lagt i arealføremålskategori «Bruk og vern av sjø og vassdrag», men må liggje som byggjeområde og småbåtanlegg med oransje farge. Me ynskjer og at føresegnene vert endra då noko som er lagt inn ikkje har heimel i plan- og bygningslova (t.d. punkt om renovasjon) og noko er i strid med kommuneplanen sine føresegner (t.d. utnyttingsgrad på tomtane til fritidsbustader). Me vurderer dette som element me kan ta i samband med vurdering av dei eventuelle merknadane som kjem no når planen er lagt ut for ein 2. gongshøyring. Før endeleg godkjenning av planen må plandokumenta vere ferdigstillt.

I Radøy kommune er det vanlegvis hovudutval for plan, landbruk og teknisk som ved vedtak i møte innstiller til endeleg vedtak om godkjenning i kommunestyret. Om politikarane vel det kan plansaka gå rett til kommunestyret.

Med helsing

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ambjørn Reinsnos